

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

**STAD:** Stavanger, Victoria Hotel, Victoriasalen

**MØTETIDSPUNKT:** 15.02. 2022, Kl. 0900 - 1600

**Styremøte er ope for publikum og presse**

.....  
**Styremøte var ope for publikum og presse**

### **Deltakarar frå styret**

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

### **Deltakarar frå administrasjonen**

Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør  
Baard-Christian Schem, fagdirektør  
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør  
Ivar Eriksen, eigardirektør  
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi  
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør  
Erik M. Hansen, direktør for E-helse  
Torunn Nilsen, styresekretær

## **Ope del**

### **Sak 001/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Dagsorden:**

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse.

Lukka saker blei behandla i slutten av møtet.

Sak 003/22 AD si orientering pkt. 6, blei behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr. 2.

Sak 021/22 Prosjekt ny IKT-løysing for planlegging og optimalisering av rekvirerte pasientreiser, blei behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26, andre ledd nr. 4

#### **Forfall:**

Gunnar Berge hadde forfall til møtet.

#### **Dokument som er ettersendt:**

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet
- Skriv 04 – E-post frå VIRKE – «Ang. styresak 008/22 Anskaffing av helsetenester 2022»  
14.02.2022

#### **Saker til eventuelt:**

Årsplan for styret 2022

#### **Vedtak (samrøystes)**

Innkalling og dagsorden blir godkjent.

### **Sak 002/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 08.12. 2021**

#### **Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 08.12.2021.

### **Sak 003/22 Administrerande direktør si orientering**

#### **1. Rapportering tilsynssaker**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret ønskja å endre overskrifta «Status i saka og når avvik er forventa lukka» til «Status i saka og frist for å lukke avvika».

#### **2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### 3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret ønskja å få følgjande høyringsuttale til orientering i styremøtet i mars: «Høyring – forslag til endringar i forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulanseteneste, medisinsk nødmeldetjeneste mv. (akuttmedisinforskrifta)»

### 4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### 5. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) årsrapport – 2021

Styret tok årsrapporten frå AMU til orientering.

### Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

## Sak 004/22 Rapportering frå verksemda per november og desember 2021

### Oppsummering

#### Målekort (Økonomi per november)

Målekort Helse Vest - desember 2021		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse	Hittil i år		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	62	50		65	50	
	Ventetid - VOP	45	42	40		41	40	
	Ventetid - BUP	40	50	35		47	35	
	Ventetid - TSB	35	30	30		26	30	
	Andel kontakter passert planlagt tid		11,10 %					
	Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer		76 %			77 %		
	Korridorpasienter somatikk		1,50 %	0			0	
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnopphold		13 236	13 196	0,3 %	161 979	152 958	5,9 %
	Dagopphold		4 984	5 152	-3,3 %	65 640	59 580	10,2 %
	Poliklinikk		106 080	103 315	2,7 %	1 331 993	1 206 159	10,4 %
Psykiatri	Døgnopphold		890	926	-3,9 %	9 344	9 352	-0,1 %
	Dagopphold		63	73	-13,7 %	892	971	-8,1 %
	Poliklinikk		36 320	35 727	1,7 %	488 695	459 248	6,4 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)		117	119	-1,7 %	1 458	1 481	-1,6 %
	Dagopphold		0	5		15	39	-61,5 %
	Poliklinikk		6 703	7 583	-11,6 %	96 091	107 282	-10,4 %
Bemanning	Brutto månedsverk		24 242	23 620	2,6 %	24 073	23 420	2,8 %
	*Sykefravær	5,5 %	8,5 %	8,0 %		8,0 %	7,6 %	
Økonomi	Resultat		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik
			55 813	49 610	6 203	668 237	595 893	72 343

\*Tal for sjukefravær er eit augeblikksbilde grunna etterslep på registreringa, og vil difor vere høgare i påfølgjande rapporteringsmånadar.

Helse Vest ser ut til å nå prioriteringsregelen når det gjeld økonomiske løyvingar til psykisk helsevern for barn- og unge og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Når det gjeld psykisk helsevern for vaksne er ikkje måla nådd. Helseføretaka har i sine budsjett tatt høgde for å

innfri prioriteringsregelen. Når det gjeld aktivitet så er det berre psykisk helsevern for barn og unge som har ein høgare vekst i aktivitet enn somatisk helsevern.

Helsefaglege indikatorar, særleg innanfor somatikk, er framleis prega av Covid-19.

Samanlikna mot same månad i 2019 er det ein reduksjon i tal døgnopphald og dagopphald for somatikk på høvesvis 1,8 % og 0,2%. Tal ISF-konsultasjonar er 9,1 % høgare enn tilsvarande tal frå 2019 .

For psykisk helsevern samla var aktivitetsnivået per november 2,2 % lågare for døgnbehandling og 3 % høgare for poliklinisk aktivitet enn per november 2019. I psykisk helsevern for barn og unge, som i all hovudsak er poliklinisk, er aktiviteten høgare enn i same periode i 2019.

Den samla polikliniske aktiviteten i TSB er lågare enn same periode i fjor. Tal utskrivingar frå døgnbehandling er høgare enn tilsvarande tal frå 2019.

Ventetider (behandla) gikk ned innan somatikk medan det var ein auke innan dei tre andre fagområda den siste månaden.

Prosentdel fristbrot for dei som har fått starta helsehjelp gjekk frå 6,4 % i november til 5,5 % i desember. Variasjonen mellom føretaka er stor og nær 99% av fristbrota er innanfor somatikk.

Resultatet akkumulert per november viser eit positivt avvik i forhold til budsjettet. Årsresultatet til føretaksgruppa er forventa å ligge rundt 842,1 mill. kroner.

Styret ønskja ein temasak om psykisk helsevern til eit seinare møte med orientering tiltak for å redusere ventetid, barn og unges helseteneste, avklaringsamtalar innan BUP, tiltak for å redusere vald og truslar, kompetanse og faste stillingar/vikarbruk.

Styret ønskja også å sjå ventetid ved sekundærtilvisingar

Styret ønskja ein temasak med gjennomgang av byggeprosjekta i eit seinare møte.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. desember 2021 til etterretning.

### **Sak 005/22 Pandemi og handtering i Helse Vest - eit tilbakeblikk**

## **Oppsummering**

Dei to siste åra har vore sterkt prega av pandemien med koronaviruset.

I denne styresaka presenterer vi eit tilbakeblikk på sentrale hendingar, vendingar og handtering i Helse Vest.

Det blir også gjort greie for ansvarsdeling i beredskap mellom det regionale helseføretaket (RHF-et) og underliggende føretak, jamfør den regionale helseberedskapsplanen. Gjennom pandemien har RHF-et tatt eit større ansvar for tiltak enn det som følgjer av beredskapsplan og beredskapsprinsipp. Ein årsak er at det i planverket ikkje var tatt tilstrekkeleg høgde for ein så omfattande hending som pandemien har vore. Sentrale tiltaksområder i regi av RHF-et blir gjennomgått i saka.

### Status i dag

Alle helseføretak har pr. 31.01.22 skalert ned til grøn beredskap. Tal på innlagde med Covid-19 har dei siste 14 dagar vore omkring 40 pasientar per dag. Med bakgrunn i dei høge smittetala forventast det at talet på innlagde vil stige. Det er no tilnærma normal elektiv kirurgisk aktivitet på alle sjukehusa.

Det er høg aktivitet på sjukehusa med auke i talet på pasientar totalt. Samtidig er det mye frávær blant tilsette som medfører utfordringar med bemanning ved nokre avdelingar. Det er høgt fokus på kontinuitetsplanlegging i føretaka.

Forsyningssituasjonen for kritiske produkt følgjast tett. Det er ingen kjende manglar de nærmaste vekene.

Vaksinering av tilsette går framover som planlagd.

Det blir kvar veke gjennomført felles beredskapsmøter med føretaka.

Det skal gjerast ein gjennomgang av beredskapsplanar i løpet av året. Styret får denne saka til behandling.

Styret ønskja ei orientering om arbeidet som er gjort og pågår med forsyning, inkludert ansvarsfordeling mellom RHF og HF.

## **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Helse Vest RHF tok saka til orientering.

**Sak 006/22 Regional smittevernplan 2022**

## Oppsummering

Smittevernlova §7-3 pålegg det regionale helseføretaket å utarbeide ein plan som skal ivareta det regionale helseføretaket sine tiltak og tenester for å førebyggje smittsame sjukdommar eller motverke smitteoverføring.

*§ 7-3. Det regionale helseføretaket*

*Det regionale helseføretaket skal sørge for at befolkningen i helseregionen med hensyn til smittsom sykdom er sikret nødvendig spesialistundersøkelse, laboratorieundersøkelse, poliklinisk behandling og sykehusbehandling, forsvarlig isolering i sykehus, og annen spesialisthelsetjeneste.*

*Det regionale helseføretaket skal utarbeide en plan om det regionale helseføretakets tiltak og tjenester for å forebygge smittsomme sykdommer eller motvirke at de blir overført.*

*Det regionale helseføretaket skal sørge for at det finnes et regionalt kompetansesenter i smittevern i helsetjenesten. Departementet kan i forskrift gi bestemmelser om senterets oppgaver.*

Noverande regionale smittevernplan gjeld frå 2017-2021: [Regional smittevernplan Helse Vest \(helse-vest.no\)](https://www.helse-vest.no)

## Vedtak (samrøystes)

Styret ber helseføretaka om å legge Regional smittevernplan 2022 til grunn for det vidare arbeidet.

## Sak 008/22 Anskaffing av helsetenester i 2022 (TSB, Rehabilitering, Radiologi, Kirurgi)

### Oppsummering

Helse Vest RHF sine avtalar med private leverandørar om kjøp av helsetenester innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengigheit (TSB), spesialisert rehabilitering, radiologi og kirurgi går ut innan utgangen av 2022. Helse Vest RHF har behov for å kjøpe tenester frå private aktørar som supplement til dei tenestene eigne helseføretak yter. Det vert derfor tilrådd å gjennomføre nye anskaffingsprosessar innan desse fire områda i løpet av første halvår 2022. Det vert ikkje tilrådd å reservere nokon av desse anskaffingane for ideelle organisasjonar.

I saka var det forslag om å redusere kjøp av behandlingstenester frå private aktørar med 11 døgnplassar frå 2023. Dette er grunngeve med ei mogleg etablering av ei ruseining ved Tronvik/Helse Førde HF. Styret ønskja å komme tilbake til korleis 10 mill. skal nyttast (etablering av ruseining på Tronvik/kjøp av behandlingstenester frå private aktørar) i samband med behandling av styresak om Tronvik i neste styremøte.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret slutta seg til at det blir gjennomført anskaffing av helsetenester i tråd med saksførelegget og dei innspel som kom fram i møte.

### **Sak 009/22 Utgreiing av oppgåve- og ansvarsdeling mellom Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sykehus**

#### **Oppsummering**

Helse Vest RHF har i 2021 gjennomført eit prosjekt for å greie ut oppgåve- og ansvarsdeling mellom Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus. Formålet med prosjektet har vore å styrkje det allereie gode samarbeidet mellom sjukehusa og skape fleire moglegheiter for hensiktsmessig samarbeid. Målet er å nytte den samla kapasiteten og kompetansen enda betre til beste for pasientane i det felles opptaksområdet. Dette inneber ingen store endringar av arbeidsoppgåvene til sjukehusa.

Prosjektet tilrår samarbeidsløysingar, oppgåvedeling og forbetringar innan åtte ulike fagområde, og har med det gitt sjukehusa eit godt utgangspunkt for å arbeide vidare for å handtere felles utfordringar. Den samla vurderinga er at tilrådingane frå prosjektet legg til rette for gode løysingar for pasientane.

Saka blir lagt fram for styret i Helse Vest RHF med oppsummeringar av forslaga frå prosjektet og høringsuttalane frå Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus.

### **Vedtak (samrøystes)**

1. Styret i Helse Vest RHF legg til grunn at tilrådingane i projektrapporten *Utgreiing av oppgåve- og ansvarsdeling mellom Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sykehus* blir retningsgivande for det vidare samarbeidet mellom sjukehusa.
2. Helse Bergen HF blir bedt om å initiere og leie felles oppfølgingsarbeid innanfor nokre av dei ulike fagområda i samarbeid mellom sjukehusa og i samsvar med tilrådingane i rapporten.

### **Sak 010/22 Helse Bergen HF - Case Cart og automatisering**

#### **Oppsummering**

Styret i Helse Vest RHF godkjente hausten 2020 prosjektet «*Parkhjørnet – sentralisert vaske- og sterilsentral i Helse Bergen*». Helse Bergen har i tilknytning til prosjektet behov for å gjere ein tilleggsinvestering til Case Cart med tilhøyrande automatisering. Den samla kostnaden vil overstige 50 mill. kroner som er grensa for investeringar som må godkjennast av styret i

Helse Vest RHF. Administrerende direktør vil tilrå at styret godkjenner den aktuelle tilleggsinvesteringa.

### **Forslag til vedtak**

Styret i Helse Vest RHF godkjenner investering i og etablering av Case Cart med tilhørende investering i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Bergen HF i sak 105/21A.

### **Sak 011/22 Konsernbudsjett 2022, investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett og justering av inntektsramma til helseføretaka**

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

### **Oppsummering**

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 9. desember 2021 sak 111/21 B Inntektsfordeling og resultatkrav 2022. Det er saka frå desembermøtet som gir ein utfyllande utgreiing av dei ulike budsjettpostane som ligg til grunn for inntektsramme og resultatkrav 2022.

Denne saka tar opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå HOD som ikkje var innarbeidd i saka om inntektsfordeling 2022 samt Tilleggsproposisjon 51 S (2021–2022). I tillegg er det nokre postar som ikkje var fanga opp i sak 111/21 B som no er innarbeidd i oppdatert inntektsramme for 2022 til helseføretaka.

Det må takast atterhald for godkjenning av føreslåtte tildelingar som er gitt i Tilleggsproposisjon 51 S (2021-2022).

Denne saka omhandlar og konsernbudsjett, investeringsbudsjett med finansieringsgrunnlag og likviditetsbudsjett for 2022.

I behandlinga av økonomisk langtidsplan i juni ønskjer styret ein overordna risikovurdering knytt til investeringane/byggprosjekta.

Styret peika også på at auke i aktivitet må gjerast på andre måtar enn å auke belastninga på medarbeidarar.

### **Vedtak (samrøystes)**

1. Inntektsramme for 2022 som blei vedtatt under sak 111/21 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):



Endringer i inntektsramma for 2022 vs. styrsak 111/21 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2021 - sak 111/21 B	7 579 154	3 760 714	11 743 929	2 945 293	947 285	3 496 283	30 472 659
<b>Justeringar av inntektsramme frå staten:</b>							
Endring KBF	-2	-1	-3				-6
Forskning og nasjonale kompetansesentre						-25	-25
Vaksinering i sjukehus	1 510	748	2 356	586		0	5 200
Utdanningsstillingar for spesialsjukepleiarar						7 400	7 400
<b>Endring øremerka tilskot</b>							
Tilskot til protonsenters			95 000				95 000
Tannhelseteneste i sjukehus						5 100	5 100
Behandling av seksuelle atferdsproblemar blant barn og unge	570	287	719	172		200	1 948
Behandlingstilbod for personar dømde for seksuallovbrot	3 000		3 093				6 093
Covid 19 kostnader	58 234	31 577	79 849	21 754		79 786	271 200
Covid 19 kostnader - storvolumtesting/analyse	0		0				0
Avansert heimesjukehus - oppdatert fordeling blir gjort seinare		-1 100	-3 200			4 300	0
<b>Endringer i inntektsfordelinga</b>							
Overslagsløyving ISF (reversering av ekstraordinær aktivitetsvekst 0,8% i 2021)	-17 598	-8 208	-28 879	-5 539	-3 170		-63 394
Overført avtalehjemlar frå privatpraktiserande spesialistar	736			1 130		-1 866	0
Barn og unge med medfødt hjerneskade - opptrapping 2022	600	340	840	220		-2 000	0
Nasjonale kompetansetjenester - manglande prisjust	426	25	2 020			-2 472	0
Kjøyreskule i Helse Vest - korrigerert fra sak 111/21	515	15	1 095	15		-1 640	0
Koordineringseining PH			308			-308	0
InterRegSIM	3 500					-3 500	0
ISF psykisk helsevern og TSB	2 005	962	2 492	541		-6 000	0
Sum endringar	53 496	24 646	155 690	18 879	-3 170	78 975	328 516
Oppdatert inntektsfordeling 2022	7 632 650	3 785 360	11 899 619	2 964 172	944 115	3 575 258	30 801 175

## 2. Justert inntektsramme fordelt per helseføretak:

INNTEKTSFORDELING 2022	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 337 317	1 068 752	3 633 875	723 967	400 190	-	8 164 101
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 866 805	2 506 223	6 914 763	2 091 157			16 378 946
Kvalitetsbasert finansiering	33 379	16 226	55 018	12 671			117 294
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	319 649	162 295	1 057 231	113 131	543 925	3 575 259	5 771 490
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	75 501	31 864	238 733	23 246	0		369 344
SUM, inntekt 2022 fordelt frå RHF	7 632 650	3 785 360	11 899 619	2 964 172	944 115	3 575 259	30 801 176

## 3. Resultatkravet for 2022 blir fastsett som følgjer:

Endeleg Inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2022	226 000	-20 000	100 000	30 000	8 000	1 000	150 000	495 000

## 4. Investeringsbudsjettet for 2022 blir fastsett som følgjer:

### Samandrag investeringar (Budsjett 2022)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	2 722 072	445 491	1 240 000	278 300		30 000		4 715 863
Medisinteknisk utstyr	256 702	30 000	234 000	40 000				560 702
IKT						568 275		568 275
Anna	99 412	10 000	137 000	13 600	27 500			287 512
Sum investeringar 2022	3 078 186	485 491	1 611 000	331 900	27 500	598 275	0	6 132 352

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2021 er endelig klarlagt. Dette må i så fall skje innanfor gjeldande investeringsregime og bli behandla av styret i dei respektive føretaka. Framdrifta på investeringane må styrast i tråd med tilgjengeleg likviditet i helseføretaka.

5. Administrerende direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innanfor den totale budsjetttramma.
6. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.
7. Helse Stavanger blir tildelt eit internt lån på 605 mill. i 2022 kroneverdi til finansiering av Nye SUS, byggetrinn 1.
8. Helse Bergen blir tildelt eit internt lån på 200 mill. i 2022 kroneverdi til finansiering av kjøp og rehabilitering av Håkonsgaten 1.
9. Helse Bergen blir tildelt eit internt lån på 255 mill. i 2022 kroneverdi til finansiering av Parkhjørnet med ny vaske- og sterilfunksjon.

## **Sak 012/22 Budsjett 2022 for Helse Vest RHF – administrasjonen**

### **Oppsummering**

Forslaget til administrasjonsbudsjett for 2022 blir lagt fram innan den kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 11/22 Konsernbudsjett 2022.

I budsjettet er talet på årsverk i 2022 auka med 6,8 nye årsverk, til 89 årsverk. 1,8 av dei nye årsverka er i Fagavdelinga, eit årsverk Medarbeidar, organisasjon og teknologiavdelinga si analyseavdelinga og fire årsverk for å administrere lager, forsyning og økonomirutinar knytt til beredskapsforsyning.

I instruks for revisjonsutvalet heiter det under punkt "5. Rapportering til styret" at: "Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram Budsjett og plan for internrevisjon, til behandling".

Revisjonsutvalet vil behandle sitt budsjett i møtet den 15.02.2022 og det blir lagt fram forslag til følgjande vedtak: «Revisjonsutvalet sluttar seg til forslaget til budsjett, og til at dette blir å behandle vidare i samla sak om budsjettet for RHF-et. Revisjonsutvalet ber om at styret i saka blir gjort merksam på utvalet si innstilling.»

### **Vedtak (samrøystes)**

1. Styret vedtok budsjett 2022 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Styret vedtok budsjett 2022 for internrevisjonen i Helse Vest RHF.

## **Sak 013/22 Regional retningslinje for varsling**

### **Oppsummering**

Denne styresaka bygger vidare på Styresak 082/16 Rutinar og system for anonym varsling ved særleg graverande forhold, 034/14 Rapportering på HMS- og kvalitetsområdet, 105/15 HMS arbeidet i føretaksgruppa Helse Vest og 130/2018 Regional rutine for varsling.

Helseføretaka har etablerte rutinar for rapportering av hendingar og rutinar for varsling. Disse ligg til grunn for denne saka, og vi skal ikkje erstatte dei allereie etablerte prosessane som er vurdert som gode, og godt kjende for alle tilsette. Dette gjeld melding om hendingar, uønskete hendingar og forbetningsforslag, som blir meldt i meldesystemet Synergi. Det denne saka dreier seg om etablering av ein felles, overordna regional rutine for varsling og korleis ein skal handtere mottatte varsel.

Målet er at vi skal vidareføre, byggje tryggleik og kultur for varsling, der ein har gode rutinar og system for å ivareta varsling. Det skal vere føreseieleg og ein skal ha eit leiarskap som skal legge til rette for openheit og deltaking frå medarbeidarar, verneombod og tillitsvalde.

### **Vedtak (samrøystes)**

1. Styret tok saka til orientering
2. Styret legg til grunn at retningslinja og prosessen for handtering av varsel blir innført i tråd med denne styresaka.

## **Sak 014/22 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 7. desember 2021**

### **Oppsummering**

Tysdag 7. desember 2021 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde som telefonmøte.

Bodskapet i føretaksprotokollen er vidareført til helseføretaka i føretaksmøte 21. desember 2021.

### *Dagsorden*

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Beredskap framover

Sak 4 Endring i driftskredittramma

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Helse Vest RHF tok protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 7. desember 2021 til etterretning.

**Sak 015/22 Oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 10. januar 2022) og protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 7. januar 2022.**

**Oppsummering**

Fredag 7. januar 2022 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Frå denne dato og fram til det blir halde føretaksmøte i januar 2024 er følgande personar valde av eigar til medlemmer i styret for Helse Vest RHF:

*Agnes Landstad - Styreleiar  
Olin Johanne Henden - Nestleiar  
Gunnar Berge  
Anne Karin Hamre  
Oddvar Kaarbøe  
Solfrid Borge  
Tord Anton Haaland*

Måndag 10. januar 2022 presenterte helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol sitt styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane i felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Tysdag 11. januar 2022 heldt statsråden sin sjukehusstale. Det samla styringsbodskapet til Helse Vest RHF for 2022 går fram av føretaksprotokollen frå føretaksmøtet 10. januar 2022 og oppdragsdokumentet for 2022.

**Vedtak (samrøystes)**

1. Styret i Helse Vest RHF tok protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 7. januar 2022 til etterretning.
2. Styret i Helse Vest RHF tok oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 10. januar 2022 til etterretning.

**Sak 016/22 Styringsdokument 2022 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS**

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Styringsbodskapet til helseføretaka og Helse Vest IKT AS blir årleg formidla gjennom styringsdokumenta. Styringsdokumenta klargjer overordna mål, oppgåver og rammer for bruk av middel, og prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, forskning,

utdanning av helsepersonell og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

Styret i Helse Vest RHF fekk i styremøte i desember 2021 høve til å gi innspel til konkrete styringsbodskap til helseføretaka og Helse Vest IKT AS, jf. styresak 113/21. Innspela frå styret er innarbeidd i styringsdokumenta.

Styret ønskjer tilbakemelding i tertialrapportering på status i forhold til prioritering av psykisk helsevern og TSB.

Leiar av RBU peika på at RBU ønskjer å bli involverte i utarbeidinga av styringsdokumenta. For seinare år vil RBU få siste versjon av dokumenta for innspel før utsending til styret.

### **Vedtak (samrøystes)**

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2022 for Helse Stavanger HF
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2022 for Helse Fonna HF
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2022 for Helse Bergen HF
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2022 for Helse Førde HF
5. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2022 for Sjukehusapoteka Vest HF
6. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2022 for Helse Vest IKT AS

### **Sak 017/22 Endring av vedtekter i helseføretaka – oppfølging av føretaksmøte 10. januar 2022**

#### **Oppsummering**

Saka gjeld endring av § 15 i vedtektene til helseføretaka i Helse Vest som omhandlar retningslinjer og rapport om løn og anna godtgjering til leiande personar. Endringa er ei oppfølging av tilsvarande endring gjort i vedtektene til Helse Vest RHF.

#### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Helse Vest RHF gav sin tilslutning til at ny § 15 i vedtektene til helseføretak skal lyde:

#### **§ 15 Retningslinjer og rapport om løn og anna godtgjering til leiande personar**

*Helse XX HF skal følge allmennaksjelova §§ 6-16a Retningslinjer om fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper, 6-16b Rapport om lønn og annen godtgjørelse til ledende personer i noterte selskaper og Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer.*

Retningslinjer i samsvar med allmennaksjelova § 6-16a og forskrifta skal bli lagt fram for godkjenning for ordinært føretaksmøte frå og med 2022. Retningslinjene skal også innehalde ei utgreiing om korleis "Statens retningslinjer for lederlønn i selskaper med statlig eierandel" er følgd opp i heileigde dotterselskap. Lønsrapport i samsvar med

allmennaksjelova § 6-16b og forskrifta skal seinast bli lagt fram for ordinært føretaksmøte frå og med 2023.

### **Sak 018/22 Val av revisjonsutval**

#### **Oppsummering**

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styret sitt revisjonsutval. Revisjonsutvalet blir oppnemnd for 2 år av gangen. Det blir i saka fremma forslag om å velje nytt revisjonsutval.

#### **Vedtak (samrøystes)**

Styret oppnemnar følgjande styremedlemmer som representantar til styret sitt revisjonsutval:

1. Olin Johanne Henden (leiar)
2. Oddvar Kaarbøe
3. Wenche Kristin Røkenes

### **Sak 019/22 Orientering frå det regionale brukarutvalet**

Leiar av RBU orienterte om regionalt brukarutval sitt arbeid med årleg melding og om arbeid med å rekruttere ressurspersonar til prosjekt og program.

#### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

### **Sak 020/22 Eventuelt**

#### **Årsplan for styret (AL)**

Styremøtet i juni blei flytta til 13. juni.

### **Skriv og meldingar**

- Skriv 01 – Brev frå LPP Rogaland – Oppdrag til Helse Stavanger om sikkerheitspsykiatri – 09.11.2021
- Skriv 02 – Møtereferat RBU 08.09.2021
- Skriv 03 – Møtereferat RBU 29.09.2021
- Skriv 04 – E-post frå VIRKE – «Ang. styresak 008/22 Anskaffing av helsetenester 2022» 14.02.2022

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

#### **Lukka del:**

Sak 003/22 AD si orientering pkt. 6, blir behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr. 2.

Sak 021/22 Prosjekt ny IKT-løysing for planlegging og optimalisering av rekvirerte pasientreiser, blir behandla i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26, andre ledd nr. 4

#### **Sak 003/22 AD si orientering pkt. 6 - Nye styre i helseføretaka**

Styret blei orienterte om arbeidsutvalet sitt forslag til nye styre i HF-a. Nye styre i HF-a blir behandla i Helse Vest RHF sitt styre i ekstraordinært styremøte i slutten av februar. Endeleg oppnemning skjer i føretaksmøte med helseføretaka etter styremøtet.

#### **Sak 021/22 Prosjekt ny IKT-løysing for planlegging og optimalisering av rekvirerte pasientreiser**

*Saka var unntekte frå offentleg innsyn jf. Offentleglova § 23, 1. ledd*

Saka var felles for alle 4 helseregionar og difor ikkje på nynorsk.

#### **Oppsummering**

Saken gir en overordnet fremstilling av bakgrunnen for at styret i Pasientreiser HF i desember 2021 besluttet å avslutte prosjektet ny planleggings- og optimaliseringsløsning.

Styret ønskja å sjå mandat for ekstern evaluering når det ligg føre.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok redegjørelse om avsluttet prosjekt for ny systemløsning for planlegging og optimalisering av rekvirerte reiser til orientering.

Ref. 15.02.2022 Torunn Nilsen

---

Agnes Landstad                      Styreleiar

---

Olin Johanne Henden                Nestleiar

Sett:

---

Gunnar Berge                        Medlem

---

Anne Karin Hamre                  Medlem

---

Oddvar Kaarbøe                    Medlem

---

Solfrid Borge                        Medlem

---

Tord Anton Haaland                Medlem

---

Wenche Kristin Røkenes          Medlem

---

Marie Skontorp                      Medlem

---

Egil Olsen                            Medlem